

Ullensvangordfører Roald Aga Haug er rasande på Lyse/Hydro-avtalen

# - Ran av Røldal og Suldal

**- Eg er rasande. Innbyggjarane i Suldal og Ullensvang kommunar er frårøva milliardverdjar i evig tid. Eg håpar på omkamp om avgjerda i Stortinget om at sjølv kraftkommunane ikkje lenger skulle få 10 prosent av eigeomsretten til krafta etter heimfall. Det var ein del av samfunnskontrakten den gong Hydro fekk lov til å demma ned 18 stolar og heile Valldalen på 1960-talet.**

SIGMUND HANSEN  
redaksjonen@h-avis.no

**ULLENSVANG:** Ordfører Roald Aga Haug (Ap) i Ullensvang krev heilt ny konsesjonsbehandling i Stortinget om staten skal gje frå seg alle verdiane til Lyse/Hydro i det nye selskapet Lyse Energi DA .

- Me hadde rekna med heimfall til staten i 2022. Tidlegare var det då slik at heimkommunane fekk konsesjon på 10 prosent av krafta medan staten, via Statkraft, disponerte resten. Avtalen mellom Hydro og Lyse ser eg i utgangspunktet som ein brot på samfunnskontrakten dåverande Odda kommune og Hydro inngjekk om Røldal-Suldal Kraft.

**Utruleg**

dro og Lyse eig. - Dette er positivt fordi Hydro Energi heile tida har vist til at ei rad strids spørsmål mellom vertskommunane og Hydro først kunne løysast når eit nytt selskap er på plass, seier Valen.

## Næringsfond på ein milliard!

Vassmengdene frå magasina i Røldal produserer kraftverdjar på langt over ein milliard kroner i året, fortel leiar i Røldal grunneigarlag, Olav Rabbe.

Han er samd med Ullensvangordføraren at dersom Lyse/Hydro får overta vasskrafta som eigentleg tilhøyrrer den norske stat etter 2022, i ein såkalla «tidsavgrensa konsesjon» - er Røldal blitt rana for verdjar.



**SINT:** Ullensvangordfører Roald A. Haug seier han er rasande på at Lyse og Hydro fordeler røldalskrafta mellom seg - «til evig tid».

ARKIVFOTO: EINAR THO

Haug får støtte frå rådmann Øyvind Valen i Suldal.

- Vårt primære krav er ny konsesjonsbehandling før nye eigarar kan overta. Her vil me vera mykje tøffare enn for 60 år sidan når det gjeld å stilla krav til konsesjonæren – det gjeld alt frå vassføring, regulering, fiske, natur og friluftsliv, seier Valen.

Han ser positivt at det no ser ut til å koma ei avklaring på at eit nytt selskap, med Lyse og Hydro, overtar Røldal-Suldal Kraft og også dei 18 prosentane Lyse eig i Ulla-Førre, pluss ei rad andre kraftanlegg som Hy-

- Eit næringsfond til Røldal på for eksempel ein god milliard hadde vore mindre enn eit års verdiskaping i eit slikt æveprosjekt – vatnet renn ned i magasina og kraftverka så lenge jorda består.

Også Rabbe er klar på at konsesjonsvilkåra frå 1962 må reforhandlast og at Stortinget må syte for at det skjer.

- For eksempel er det i dag til- late å tappa Røldalsvatnet ned 17 meter, med katastrofale konsekvensar for grunnvatn og erosjon. Mange av løfta Hydro gav i 1962 er ikkje gjennomført. Eg har min eigedom i Kjømber-

get - der er det i praksis uframkommeleg frå slutten av oktober til juni. Dersom ikkje det nye selskapet får ganske andre og tøffe konsesjonsvilkår, vil eg kalla handelen med kraftanlegg og vatn som snart høyrer den norske stat til for «røveri på høglys dag», seier Rabbe.

### Lyse avventande

Lyse skal eiga over 74 prosent av det nye selskapet og kontoradressa skal vera Stavanger. Lyse er eigd av mange kommunar i Sør-Rogaland og deler kvart år store overskot ut til kommunekassane der, i 2019

**Eg fryktar dette betyr at generasjonane etter meg, i Røldal og heile Ullensvang, har vore utsett for eit ran. Difor er eg rasande.**

**ROALD AGA HAUG**  
Ordførar

771 millionar kroner.

Lyse og Hydro ventar nå Konkurransetilsynet si godkjenning for å etablere det nye selskapet.

Kommunikasjonssjef Peter A. Schwartz seier det er Hydro Energi som førebels handterer kontakten med kommunane Suldal og Ullensvang og ber om forståing for at Lyse ikkje kan uttala seg om konsesjonsvilkår nå. Heller ikkje om konsesjonen på vatnet frå Røldal og Øvre Suldal no skal tilfalla det nye Lyse Data DA til evig tid kan han kommentera i dag.

- Eg fryktar dette betyr at generasjonane etter meg, i Røldal og heile Ullensvang, har vore utsett for eit ran. Difor er eg rasande, seier Ullensvangordførar Roald Aga Haug.